



Villanger & Sønner As  
KNARVIK  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/8231 - 23/9382

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
07.02.2023


## **Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 488/64 Sæbø ytre**

Tiltak: dispensasjon og utslepp  
Byggjestad: Gbnr: 488/64  
Tiltakshavar: Gudrun Sæbø  
Ansvarleg sækjar: Villanger & Sønner As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.11.2022. Saka vart send på høyring 23.11.2022 med 4 vekers uttale frist. Det låg føre uttale frå høyringspartar 18.12.2023, sjå vedlegg.

Ved gjennomgang av saka i samband med førebuing av vedtak er det avdekkat at tiltaket, i tillegg til omsøkte dispensasjonar og vil måtte sækje dispensasjon frå reguleringsplan Sæbøtunet /planid.: 12602017000100 arealføremål F14 for tilkobling til veg F1 innan reguleringsplan, samt endra plassering av avkøyrsløse til F1.

Vi viser forøvrig til skriv i sak 22/4036, datert 14.06.2022 pkt. 1 der det vert bedt om at det vert presisert om det sækjast om dispensasjon frå regulert avkøyrsløse eller om det sækjast om endra avkøyring i samsvar med reguleringsplan, vi legg ved kopi av nemnde skriv.



Vi legg til grunn at når plankartet heilt tydeleg syner vegtilkomst heilt fram til eigedomsgrense til gbnr 488/64 så er denne eigedomen vurdert med i høve dimensjonering av trafikk i avkøyrsløse til O1, tiltaket krev soleis ikkje utvida avkøyrsløse.

Med omsyn til opparbeiding av avkøyrsløse til gbnr 488/103 og endeleg godkjenning av denne så viser vi til epost sendt til Arcokonsult 06.02.2023 der vi etterspør dokumentasjon på opparbeiding av avkøyrsløse, det er gjeve frist til 27.02.2023 for å dokumentere avkøyrsløse.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dispensasjon frå reguleringsplan Sæbøtunet/planid.: 12602017000100 frå arealføremålet F14 og endra tilkomst til eigedomen i høve regulert veg fram til eigedomsgrense jf. plankart.
2. Nabovarsling evt. vurdering av behovet for ytterlegare nabovarsling jf. pbl. § 21-3.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 06.03.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Uttale - gbnr 488/64 - Sæbø ytre - oppføring av einebustad med minireinseanlegg - dispensasjon  
Uttale - dispensasjon - oppføring av einebustad med minireinseanlegg - gbnr 488/64 Sæbø ytre

**Mottakarar:**

Gudrun Sæbø  
Villanger & Sønner As

Strandveien 2a  
KNARVIK

5105  
5914

EIDSVÅG I ÅSANE  
ISDALSTØ